



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	14.09.2022	22/124
Eidfjord kommunestyre		

## Vedtak av revidert planprogram - kommuneplanen sin arealdel

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 vert kommuneplanen sin arealdel sitt planprogram vedteke gjeldande.

### 14.09.2022 - Eidfjord formannskap

Administrasjonen v/ Anne Kommedal orienterte om bakgrunn for saka.

### Røysting:

Samrøystes vedteke.

### FSK - 22/124 - Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 vert kommuneplanen sin arealdel sitt planprogram vedteke gjeldande.

### Vedlagt:

Revidert planprogram, høringsuttaler til planprogrammet

### Desse har uttalt seg i saka:

NVE, Eidfjord fjellstyre, Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune, Norges miljøvernforbund, Direktorat for mineralforvaltning, Statsforvalteren i Vestland.

### Vedtak skal sendast til:

Hardanger folkeblad, Avisa Hordaland, høringsinstanser  
Vedtak skal offentliggjera på kommunen sine heimesider.

### Endeleg avgjerd i:

Eidfjord kommunestyre

### Saka gjeld:

Kommuneplanen sin arealdel sitt planprogram vert lagt ut på høyring og til offentlig ettersyn i seks uker etter vedtak i Eidfjord formannskap (06.04.2022) og Eidfjord

kommunestyre (02.05.2022). I løpet av denne perioden har administrasjonen motteke sju høyringsinnspel knytt til planprogrammet og øvrig arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Me har fått innspel frå NVE, Eidfjord fjellstyre, Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune, Norges miljøvernforbund, Direktorat for mineralforvaltning og Statsforvaltaren i Vestland. Administrasjonen har vurdert innspela, og framlagt innspel og tankar for prosjektgruppa og stryingsgruppa for arealdelen. Høyringsinnspela i sin heilskap ligg vedlagd.

#### Kort gjennomgang av innkomne innspel:

##### *NVE*

NVE sitt høyringsinnspel gjer ei generell innføring i interessene til NVE og peika på viktige element å inkludera i arealkartet. Til planprogrammet ynskjar dei at me er tydelegare på korleis ein skal vurdere og kartfesta naturfare vidare i prosessen. Administrasjonen legg inn eit avsnitt under *5 Risiko og sårbarhetsanalyse* knytt til generell naturfare og behov for eventuell utgreiing. Dei ber oss og leggja inn *Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova)* i *2.2.1 Lovverk*. Lova vert lagt inn.

##### *Eidfjord fjellstyre*

Fjellstyre sitt høyringsinnspel legg føringar for at kommunen bør planleggja arealbruk på grunnlag av kunnskap om biologisk mangfold. Det vert og poengtert at ein må ta omsyn til villreinens behov for areal, og tilgjengeliggjera dette for villreinen. Dei har og innspel om å vera del av intern rådgjeving/referansar i vidare arbeid. Administrasjonen vil leggja til nokre setningar knytt til naturmangfald. Punkt om villrein kjem inn under *2.3 Regionale føringar med Regional plan for Hardangervidda 2019-2035*. Det at me har dette som ein styande plan, legg føringar for korleis handtera villrein-problemstillingar. Me kommenterar ikkje problemstillinga ytterlegare i planprogrammet. Fjellstyret vil verta invitert til eit møte som ein interesseorganisasjon ila. hausten, og vil nyttast som intern rådgjeving ved behov vidare i prosessen.

##### *Statens vegvesen*

Statens vegvesen sitt høyringsinnspel legg fram at det manglar ein omtale av korleis kommunedelplan for Sysendalen vert handtert vidare – vert den vidareført som ein sjølvstendig plan, eller inkludert i kommuneplanen sin arealdel. Dette har me ikkje direkte diskutert i styring- eller prosjektgruppa, men administrasjonen hadde ein inngang til at denne skulle innarbeidast i nytt planverk. Kommunedelplan for Sysendalen vil verta via ett avsnitt under *2.4 Lokale føringar*. Vegvesenet sakna kommentar kring kollektivtilbod i kommunen. Kollektivtilbodet er løyst av regionale selskaper, og difor noko me ikkje kan endra. Administrasjonen tek ikkje innspelet vidare. Det vert poengtert viktigheita av å ivareta mjuke trafikantar i form av infrastruktur langs veg, dette vert inkludert i *3.3 Infrastruktur*.

Statens vegvesen kommentera spesifikt forholda rundt Hardangerviddatunnelane og ny rv.7 på side 4 i høyringsinnspelet. Her legg dei fram at Vegvesenet grunna låg kapasitet ikkje har hatt moglegheit til å syta føre dialog mellom Eidfjord og Hol kommunar knytt til spørsmål kring rv.7 etter planforum i mars 2022. Dei syner til at Hol kommune ikkje har omtalt Hardangerviddatunnelane i sitt planprogram, og det har ei heller vore teke opp frå Statens vegvesen si sida. Hol kommune er og i rullering av kommuneplanen sin arealdel. Hol kommunestyre vedtok revidert forslag til planprogram 09.06.22.

### *Vestland fylkeskommune*

Fylkeskommunen syner til fokus på planfaglege merknader, friluftsliv, folkehelse, jordvern, klima og energi, naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, næringsutvikling, samferdsle, strandsone og vassforvaltning.

Dei syner til ynskje om at me skal leggja inn ein del regionale føringar i 2.3 *Regionale føringar*. Det er forslag om planar som er vedtatt og planar under arbeid.

Administrasjonen ynskjar ikkje leggja inn føringar som ikkje er politisk vedteke.

Administrasjonen vil inkludera *Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion*, *Regional plan for folkehelse Hordaland 2014-2025* og *Regional transportplan 2022-2033 for Vestland*.

Klima må inn som eit punkt i planprogrammet. Administrasjonen vil inkludera eit avsnitt knytt til klima i 5 *Risiko- og sårbarheitsanalyse*.

I konsekvensutgreiinga legg me fram at me skal sjå kva følger planen har for befolkninga si helse, born og unge, samt universell utforming. Her vert det lagt til grunn at kommunen har ei oversikt over befolkningas helsetilstand før det vert gjort ei konsekvensutgreiing.

Me vert oppmoda til å leggja kulturminne som ett eige punkt, dette velger me ikkje å gjera då planprogrammet skal ta føre seg tema på eit overordna nivå. Legg me føringar for at kulturminne skal omtalast ytterligare, ser administrasjonen fleire tema som då og burde utgreiast meir. Ei djupare utgreiing vil koma inn seinare i planarbeidet.

### *Norges miljøvernforbund*

Norges miljøvernforbund hevdar Eidfjord kommune legg for mykje vekt på auka arealbruk, turisme, biltrafikk og forbruk i planprogrammet. Det vert presisert eit ynskje om å i større grad vektleggja naturverdien i Eidfjord kommune, samt sørga for bevaring av villreinområder. Administrasjonen syner til 3.4 *Natur, kultur- og friluftsverdier* kvar me legg føringar for viktige elementer som definerar Eidfjord som ei natur- og kulturperla. Samstundes syner me til 2.3 *Regionale føringar* med *Regional plan for Hardangervidda 2019-2035* som retningsline for bevaring av villrein og dens leveområder på og rundt Hardangervidda.

### *Direktorat for mineralforvaltning (DFM)*

Høyringsinnspelet frå Direktorat for mineralforvaltning gjev ei generell uttale med punkter hovudsakleg knytt elementer seinare i arealdelen. Dei peika på framtida til eksisterande uttak, og vurderinga kring behov for nye uttak av grus og fast fjell. Me vert bedne om å inkludera rettshavar knytt til undersøkingsretten på Ovaldsnuten på kommunegrensa Eidfjord og Ullensvang i vidare planprosess. DFM legg føringar for at mineralressursar bør vera eit av konsekvensutredningskrava for alle områder med ny arealbruk. Innspelet meiner me fell inn under 4 *Konsekvensutgreiing* under *landskap, sikring av jordressursar*. Me vil presisera dette til *landskap, sikring av jord- og mineralressurser*.

### *Statsforvaltaren i Vestland*

Statsforvaltaren tek føre seg ein mengde punkter me beskriv i planprogrammet, mellomanna FN's berekraftsmål, bustader, fritidsbustadutvikling og natur, kultur og friluftsverdier med fleire.

Det vert framlagt ynskje frå statsforvaltaren at kommuneplanen sin samfunnsdel vert

revidert før kommuneplanen sin arealdel, grunngjeve i stor utvikling i arealområdet til Eidfjord kommune dei siste åra. Problemstillinga har vert diskutert i kommunestyret på eit tidlegare tidspunkt, men det vert vurdert at gjeldande samfunnsdel framleis er relevant. Difor vert kun kommuneplanen sin arealdel rullert i denne omgang.

Statsforvaltaren ynskja fokus på FN's berekraftsmål med fokus på miljø, klima og sosiale forhold. Dette forsterka gjennom å fokusera på å ivareta barn og unge, samt grønstruktur i planlegginga. I 3.1 *Bustad og fritidsbustad* vert det i samband med utviklinga i Sysendalen ynskja presisert at tilrettlegging av fritidsbustader skal vera sekundært i forhold til vurderinga knytt til naturtilhøver. Ytterlegare vert det spelt inn at klima vert kommentert i planprogrammet, dette verta teke inn i planprogrammet under 5 *Risiko- og sårbarheitsanalyse*.

I 2.2 *Nasjonale føringar* legges *Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald* inn etter innspel frå Statsforvaltaren.

Oppsummering av endringer som er gjort:

- *Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova)* leggjast til i 2.2.1 *Lovverk*
- *Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan* inkludert i 2.2 *Nasjonale føringar*
- *Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion* inkludert i 2.3 *Regionale føringar*
- *Regional plan for folkehelse Hordaland 2014-2025* inkludert i 2.3 *Regionale føringar*
- *Regional transportplan 2022-2033 for Vestland* inkludert i 2.3 *Regionale føringar*
- Kommentera forhold til Kommunedelplan for Sysendalen under 2.4 *Lokale føringar*
- Omtala korleis ivareta mjuke trafikantar i form av infrastruktur langs veg i 3.3 *Infrastruktur*
- Inkludera ei omtale av naturmangfald i Eidfjord kommune i 3.4 *Natur, kultur- og friluftsverdiar*
- Justera punkt under 4 *Konsekvensutgreiing* frå *landskap, sikring av jordressursar til landskap, sikring av jord- og mineralressurser*
- Leggja til ein del om korleis ein skal vurdere og kartfesta naturfare i 5 *Risiko og sårbarheitsanalyse*
- Avsnitt om klima under 5 *Risiko- og sårbarheitsanalyse*

Styrings- og prosjektgruppa vert framlagt høyringsinnspel og endringar per brev datert til 01.07.22.

Administrasjonen har i etterkant av utsendt brev 01.07.22 gjort endringar i 6.1 *Organisering* for å klargjera oppgåva/rolla til dei involverte, jmf. vedlegg til arkivsak 21/188-10 *Førearbeid – kommuneplanen sin arealdel – bakgrunn og rammer for arbeidet, prosess, mål og organisering*.

### **Vurdering:**

Ut i frå ei heilskapsvurdering meiner administrasjonen at endringane som vert gjort, ikkje krevja ei ny høyring av planprogrammet. Innspela som er kome, er i hovudsak ei klargjering av ordlyden, ei omtale av klima og inkludering av ytterlegare regionale og nasjonale planretningslinjer.

Rådmannen legg med dette fram forslag å vedta kommuneplanen sin arealdel sitt

planprogram slik det føreligger.

Geir Underhaug  
rådmann

Kommedal, Anne  
sakshandsamar

Rett utskrift: